

Innspel og kommentarar til trafikksikringsplan i Indrefjorden

Skulevegen frå Indre Haugsdal til Matre:

- Heile vegestrekningen er hølete, sporete og dårlig asfaltert
- Det er fleire rasfarlege strekningar på vegen, særleg overst i dalen mellom Haukeland og Kjetland , og mellom Trysdal tunnelen og Matre.
- Mange av buss-stoppa mangar skilt, busskur, lys og busslomma
- Elevane må gå langs smal trafikkert vei, som ikkje er tilstrekkeleg opplyst

Matre

Det er ikkje plass for av- og påstigning ved skulen. Situasjonen med fleire bussar, elevar og anna trafikk vert ofte uoversiktleg og farleg. Bussane må også stoppe i vegen, noko som hindrar anna trafikk. Dette skjer ved byrjinga og slutten av skuledagen. Av- og påstiginga er heller ikkje merka med skilt. Området burde også ha vore merka som skuleveg.

Vegkryss mellom Matre 26 og Matre 24 er uoversiktleg. Gangfeltet endar i eit vegkryss heilt utan fri sikt. Fare for kollisjon, særleg mellom køyretøy og sykkel. Det er ingen andre fortau på Matre. Forslag: Spiegel

Gangfeltet ved E39 på Matre er dårlig merka. Området er prega av høg fart og mykje tungtrafikk. Betongblokkene som står ved BKK gjer at det er vanskeleg å oppdage born som skal krysse vegen. Ein opplever ofte at billistane ikkje stoppar, eller ser at det er eit gangfelt. Forslag: Lysregulering/undergang/overgang

Stien og Eineleitet: Dårlege asfalterte vegar, utan fortau og dårlig opplyst.

Eikemo

Det manglar busslomme og buss-skur.

Furubotn

Fartsgrensa er 80 km/t, bussen snur i vegen og skulebarn kryssar vegen. Det manglar bussskilt ved vegen og det er ikkje busslomme så bussen stoppar i vegen.

Solheimsdalen

Det er dårlig kantsikring og støypekanten er låg.

Solheim

Det manglar veglys.

Solheimslia

Det er mykje skog langs vegen. Vegdekke er därleg. Vegkantane langs vegen er därleg sikra. Det renn vatn frå berg ned i vegen som frys til store issvullar om vinteren. Om vinteren heng det ned mykje is på sidene av vegen, når det blir mildt dette ned i vegbana.

Vågset

Fartsgrensa burde vore sett ned. Her manglar busslomme og barna må kryssa vegen.

Mellan Øyra og Hope

Langs elva manglar det rekkverk/sikring. Rasfarleg veg.

Mellan Vågset og Haugsvær

Vegen er smal og därleg/manglande kantsikring. Det er rasfare langs vegen.

Buss-stopp ved Joker Haugsvær.

Når bussen går nordover skal elevane gå av langs E-39 og kryssa den. Dersom bussen køyrer inn til butikken må elevane gå langs E-39.

Trodalen

Elevane må kryssa E-39 der det er 80 km/t. Her er sving, tunnellmunning og ingen skilt. Det manglar lys fram til buss-stoppa. Elevane som bur her har drosje, den er full og då mistar dei mogelegeheita til å ha vener med seg heim etter skulen.

FAU ved Matre skule